



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
27.06.2014
Dykkar dato
13.05.2014

Vår referanse
2014/2064 - 431
Dykkar referanse
201307772

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om løyve til å regulere og ta ut vatn frå Sagevatnet i Flora kommune - Svanøy Havbruk AS

Vi viser til oversendinga datert 13.5.2014.

Sagevatnet har vore oppdemt og regulert til ulike føremål i lang tid, slik at det har vore umogleg for fisk å vandre mellom sjøen og vatnet. Fylkesmannen meiner likevel at det bør opnast for fiskevandring mellom sjøen og Sagevatnet.

Svanøy Havbruk AS har planlagt å utvide produksjonen frå 0,12 til 1 million sjødyktig settefisk. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak frå Sagevatnet på 3,6 m³/min (59 l/s) og eit høgaste månadsmiddel på 8,3 m³/min (138 l/s), og om å regulere Sagevatnet mellom kote 3,5 og kote 6. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er allereie etablerte. Vassuttaket ved anlegget vil etter utvidinga verte moderat større enn for gjeldande drift, som ikkje har konsesjon etter vassressurslova. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vidare legg vi vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Sagevatnet har vore oppdemt og regulert til ulike føremål sidan 1600-talet, og frå om lag 1850 har det vore umogleg for fisk å vandre mellom sjøen og vatnet. Svanøy Stiftelse bygde ei fisketrapp i 1974 med tilskot frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk (no Miljødirektoratet). Denne trappa er framleis intakt, men i følgje søknaden er det ikkje registrert oppgang i trappa. Då trappa vart bygt hadde vassdraget ikkje nokon eigen sjøaurebestand, og frå andre vassdrag er det kjent at det då tek tid å få reetablert fisk. Det kjem ikkje fram av søknaden korleis trappa vart manøvrert eller om det vart sleppt vatn i trappa etter at settefiskanlegget vart etablert rundt 1980. Vassdraget har altså vore nytta til ulike samfunnsformål i lang tid, men det har også vore fiskeinteresser ved at det tidlegare ser ut til å ha vore oppgangstilhøve for sjøaure i vassdraget, og at det er stilt statlege midlar til rådvelde for å få reetablert ein sjøaurebestand. Fylkesmannen meiner difor at opp- og nedvandring av fisk må sikrast i vassdraget.

Ål er på raudlista og er kategorisert som kritisk truga. I følgje søknaden er det ikkje registrert ål i vassdraget, men det er ikkje utelukka at enkelte individ kan vandre opp i Sagevatnet ettersom terrenget mellom sjøen og vatnet ved anlegget ikkje er spesielt bratt. Fylkesmannen vurderer ut frå fagleg skjønn at eit slikt vassdrag typisk har hatt ein god ålebestand, og at fråfall av vatn og den generelle nedgangen i ålebestanden er hovudårsak til reduserte observasjonar. Det bør vurderast om demninga er eit vandringshinder for ål, og om det er trong for eller kan setjast i verk tiltak for å betre tilhøve for ål i vassdraget.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk tilstand. God økologisk tilstand vil tilseie at biologien i førekomsten er svakt endra som følgje av menneskeleg aktivitet, men berre avviker litt frå ein tilsvarande upåverka vassførekomst. For at Sagevatnet og utlaupselva skal oppnå god økologisk tilstand (for sjøaure) må det opnast for vandring av fisk mellom sjøen og vatnet.

I kor stor grad ein kan opne for vandring av sjøaure og ål vil avhenge av om det er tilstrekkelege årsaker til at vassforskrifta kan gje unntak (§ 12) for hovudkravet om god økologisk tilstand, eller om vassførekomsten kan omklassifiserast til «sterkt modifisert» (§ 5). Det kan tale for omklassifisering eller reduserte mål at innsjøen har vore nytta sidan historisk tid. Etter det vi kan sjå har dette likevel vore ein uheimla praksis som har utvikla seg over tid. På 1970-talet var det framleis forsøk med å få tilrettelagt for fiskevandring mellom sjøen og Sagevatnet. Mellom anna dette kan dette tale for at vassdraget ikkje bør omklassifiserast til «sterkt modifisert vassførekomst», og at tiltak bør påleggjast den ansvarlege for vassuttaket for å sikre oppgangshøve for fisk. Det kan likevel vere grunn til å vurdere nærare kva for del av vassdraget som er mest verdifullt for sjøaure, og om ein kan ta omsyn til om det er tider på året som er spesielt viktig for anten setjefiskanlegget eller sjøauren å sikre tilstrekkeleg vasstilgang. Dersom lokaliteten vert omklassifisert til ein «sterkt modifisert vassførekomst», må det framleis gjerast tiltak for å oppnå best mogleg tilstand innafor dei avgrensingane som følgjer av inngrepet. Utifrå dette må det uansett vurderast om det er mogleg å kombinere fiskevandring med den planlagde drifta av anlegget.

Det er registrert fleire prioriterte naturtypar til Sagevatnet, men ingen som ser ut til å verte råka direkte av tiltaket. I søknaden vert det opplyst at det er førekomstar av fleire raudlisteartar sør, sør-vest og vest for Sagevatnet, men det er ikkje opplyst nærare kvar funna er gjort. Det er såleis uklart om førekomstar av raudlisteartar kan verte påverka av tiltaket. Dette er ikkje tilfredsstillande sett i høve til det svært store talet på raudlisteartar som er lista opp.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Flora kommune
Miljødirektoratet